

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 15/8040-3

Forvaltningsrevisjon - Vedlikehold og inneklima i fylkeskommunale bygg - prosjektplan

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet vedtek prosjektplanen slik den er framlagd.
2. Kontrollutvalet ber om rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon innan utgangen av mars 2016.

Vedlegg:

- Prosjektplan frå Deloitte AS

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fylkestinget vedtok revidert plan for forvaltningsrevisjon 11.06.2014 i FT-sak 4/14. I planen var forvaltningsrevisjon av vedlikehold og inneklima i fylkeskommunale bygg prioritert som prosjekt nr. 4. Prosjekt nr. 5 og 6 vart slått saman og kontrollutvalet prioriterte det samanslåtte prosjektet framfor vedlikehold og inneklima.

Kontrollutvalet vedtok å bestille forvaltningsrevisjon av vedlikehold og inneklima i KU-sak 32/15 i møte 26. august 2015.

2. Vurderingar og konsekvensar

Revisor har i prosjektplanen gått gjennom føremål og problemstillingar i bestillinga og gjort endringar ved omstrukturering og operasjonisering av problemstillingane. Prosjektplanen er trass desse endringane i store trekk i samsvar med bestillinga som kontrollutvalet vedtok 26. august. Utvalet ba i bestillinga om at prosjektet skal ferdigstillast innan utgangen av februar 2016, noko revisor stadfester i prosjektplanen. Revisor tek atterhald om at dei får nødvendig dokumentasjon til rimeleg tid i tillegg til at utvalde personar stiller til intervju og verifiserer intervjureferat innan fastsette fristar.

Prosjektet er i prosjektplanen stipulert til å kunne gjennomførast innanfor ei ramme på 290 timar.

3. Konklusjon

Endring og operasjonalisering av problemstillingane medfører ikkje endring av prosjektet sitt formål. Endringane er gjort for å kunne få eit best mogeleg resultat ut av forvaltningsrevisjonsprosjektet.

Prosjektplanen vert vurdert som eit dokument som er i samsvar med bestillinga frå kontrollutvalet og at den gjev eit godt grunnlag for å få gjennomført forvaltningsrevisjon av vedlikehald og inneklima på fylkeskommunen sine skulebygg på ein god måte.